

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



**Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei;
men læresveinane ville visa dei bort.
Då Jesus såg det, vart han harm og sa:
"Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje,
for Guds rike høyrer slike til".**

Markus 10, 13-14.

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Om det var under prestestudiet Henrik Wergeland fekk ideen til barnetog på 17. mai trur eg vel ikkje. Men den originale måten å feira nasjonaldagen på som vi er nokså åleine om, skriv seg i alle fall frå eit syn på borna som Wergeland og Jesus delte. Begge to gav born ein eigenverdi som var uvanleg i deira samtid. "Vi ere en nasjon vi med, vi små en alen lange" og "Lat småborna koma til meg" er uttrykk for ein respekt også for dei minste og svakaste mellom oss.

Biletet av Lucas Cranach den yngre på framsida viser dei vaksne mennene, altså læresveinane, som prøver å jaga desse forstyrrande barne-elementa og mødrene deira bort frå lærermeisteren sin. Heilt i tråd med det ålmenne synspunktet som stort sett har rådd i dei ulike samfunn heilt fram mot vår tid vart born ikkje rekna med som skikkelege menneske. Først i vaksen alder talde dei med. Rett nok vart dei rekna for vaksne allereie frå tidleg tenåringsalder, i vårt gamle bondesamfunn frå konfirmasjonsalderen av.

Målarstykket som kunstnaren laga i 1540 er eit eksempel på den kunsten som oppstod i Tyskland i krinsen kring Martin Luther. Far til Lucas Cranach den yngre var sjølv sagt Lucas Cranach den eldre. Han var ein nær ven av Luther, og måla dei mest kjende portrett av reformatoren som vi no nyttar i lærebøker og oppslagsverk. Sonen tok altså over faren sin målarverkstad, og kopierte også stilen hans så nøye at det er vanskeleg å skilja arbeida til far og son.

Cranach-målarane hadde ein stor produksjon. I tillegg til bilete med motiv frå Bibelen, måla dei også motiv frå romerske og greske mytar, og portrett av samtida sine politikarar. I måleria kjem det fram ein realisme i andletsdraga som vi også kan sjå her: Personlege uttrykk hjå dei ulike på biletet som fortel om kven dei er og kva sinnstemning dei er i.

Dette motivet laga Lucas Cranach mange variantar av. Eit av bileta hans i denne serien hamna i Larvik kyrkje, og blei som de kanskje hugsar stole for kort tid etterpå å koma til rette att.

- Kristoffer Foldøy

KOM – TIL FESTEN!

Andakt ved Johannes Møve

Mai måned har mange festdagar.

Konfirmasjonane er stort sett ferdige, 17. mai ligg framfor oss og pinsehelga kjem også i mai i år.

For mange er festdagane fridagar. 17.mai har vel vore fridag berre i godt og vel 60 år. Me kan ikkje tenkja oss 17. mai utan barnetog. I andre land feirar dei nasjonaldagen med militærparade. Me går i tog der borna er i sentrum.

*Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje, sa Jesus. På framsida av bladet er det eit kjent målarstykke av Jesus som tek imot borna. I Bruvik kyrkje er det same motivet på altartavla. Her har P.Holst måla den opphævelege altartavla, men Lars Osa måla denne oppatt i 1930. (I år er det forresten 150 år sidan Lars Osa vart fødd i Ulvik.) Denne altartavla gjev meg grunn til å spørja korleis det er med oss vaksne. Er me for store for Guds rike? For Jesus sa: *Utan at de vender om og vert som born, kjem de ikkje inn i himmelriket.* Ja, Guds rike er for dei små. Så er det ikkje berre dei små av vokster det gjeld. Her er det den som vender om, det er snakk om. Desse orda er retta til deg som er vaksen. Dei fortel om det du må gjera for å koma inn i Guds rike. Omvending er anger og tru på Jesus; anger over syndene, det du har gjort gale og det du har forsømt. Tru på Jesus er å setja si lit til at det han har gjort for deg, det held.*

Det er nok dei som meiner at kristendom er for born fordi småborna er godtruande; dei er uskuldige og reine. Men eg trur at det Jesus meinte, var at borna er

hjelpelause. Dei kan ikkje greia seg sjølve, slik me vaksne gjer. Og i Guds rike kjem du ikkje inn ved eigne krefter. Her gjeld berre det Jesus har gjort. Då er det håp for oss vaksne òg! Men hugs: **Guds rike er berre for dei små.** for dei som er så små at dei må ta imot. Å koma til Jesus er det same som å tru på han. Og då er det eit anna kjent Jesusord der det står kom: *Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.*

Noko som understrekar at Guds rike er for dei små, er at Bibelen talar mykje om Guds barn. Det er aldri brukt orda: Guds vaksne. I gudstilhøvet er det berre snakk om Guds barn. Å få vera Guds barn er det høgaste eit menneske kan oppnå. Det største er å vera barn hjå Gud! Eit menneske kan ikkje få noko større! Guds barn er du fordi Jesus har opna Guds rike for deg. Dåpen er starten på kristenlivet. Jesus er den som gjer deg til Guds barn, og han vil at du skal leva i tru på han heile livet.

Sidan dette er siste gong eg skriv andakt til Kyrkjehelsing medan eg er sokneprest, er det også ei avskilshelsing frå meg. Kom til Jesus. Så enkelt vil eg at helsinga skal vera. Eg har mykje anna eg skulle ha sagt. Likevel er det dette eg vil gje som avskilshelsing: Kom – til festen. For Gud har det beste i vente for sine born. Og så tok festen og gleda til, sa Jesus då den bortkomne sonen kom heim. Gud er som den gode faren som vil ha deg med på festen. Difor seier eg: Kom til Jesus. Han gjer deg til Guds barn og han gjev deg plass på festen.



17.mai: Barnefest med det kross-merka flagget i hendene

BABYSONG



Helga leiar songen. Frå venstre ser vi Solfrid med vesle Elise, Gosia med Isabel framom seg, Inge med Sigurd og Margrete med Tonje. I bakgrunnen sit Margrethe på 3 år som for ein gongs skuld sikkert hadde ønskt at ho var yngre og kunne vore med.

No har dei aller minste i Hamre sokn har fått eit nytt tilbod. Dei har neppe reflektert over at dei saknar noko, dei som annankvar onsdag kjem til samlinga Hamre sokneråd ved Helga Askeland Mjelstad har starta opp. Trivselsfaktoren på samlingane er stor, både mellom dei små og mellom dei føresette. Så dette kan fort visa seg å verta ein populær aktivitet som fleire og fleire vil søkja til.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

- Kva er no dette for noko, Helga. Skal du lære nyfødde å syngja?
- Målet med babysong er at foreldre og babyar skal få ei oppleving saman gjennom song. Dersom foreldre syng for barna sine, lærer barna desse songane etter kvart og med tida kan dei syngja med.
- Kvar har du henta ideen om Babysong frå?
- Eg veit ikkje heilt korleis dette starta, men hugsar eg kom over eit kurstilbod i ei avis. Det vart aldri til at eg gjekk på dette kurset i Babysong, men eg byrja undersøkje litt kva det handla om. I mange år har eg drive med barnekor, så interessa for song med barn

har vore der lenge. Heime har me alltid sunge mykje med barna våre også, så eg veit litt om kor mykje song og musikk kan bety i ein familie.

- Er det eit ferdigsnekkra opplegg med fast innhald?
- Eg har nok laga opplegget slik at det passar for meg, men har fått idéane til organisering frå opplegg som andre har laga. Songane varierer litt frå gong til gong, men det er viktig med repetisjonar, slik at babyane opplever gjenkjenning.

- Kan du seia noko om elementa som inngår i opplegget, og utstyret du brukar?
- Songaktiviteten føregår på matter på golvet. Foreldre syng og viser rørsler til babyane sine, eller dei gjer rørsler saman med babyane. På nokre songar brukar me ballongar og på andre eit tynt tøyestykke, som skal symbolisera sjøen. Kvar samling avsluttar me med å blåsa såpe-bobler over barna, mens me lyttar til "Velsignelsen" på CD. Verkemidla vert brukte for å fanga babyane si interesse. Mange av idéane kjem frå CD-ane "Gynge lite grann" og "Bomchickabom".

- *Kva med songen og musikken. Kva slags songar nyttar du?*

- Me syng tradisjonelle kristne barnesongar, men også litt nyare songar. Elles brukar me barnesongar og barneregler, som dei fleste kjenner frå før. Eg akkompagnerer på gitar til mange av songane, men me brukar også CD-ar.

- *Har du sett eller kjenner du andre som driv med dette?*

- Eg kjenner ikkje andre som driv med babysong, men har tatt kontakt med ei dame som driv med babysong i Åsane kirke.

- *Korleis er frammøtet og reaksjonane?*

- Frammøtet har variert frå 3 til 6 babyar m/foreldre. Det verkar som foreldra synest det er kjekt å treffa kvarandre. Nokre foreldra seier det er kjekt å få friska opp igjen barnesongane dei sjølv lærte då dei gjekk på Søndagsskulen. Babyane ser også ut til å kosa seg. Innimellom vert det også litt grining, men det toler me godt.

- *Kven kan vera med?*

- Tilbodet har gått ut til alle som har døypt barna

sine i Hamre kyrkje siste året. Opplegget passar best for dei aller minste barna, frå 0-1 år. Barn i denne alderen er velkomne, saman med ein av foreldra sine!

- *Kva er føremålet med aktiviteten?*

- Dette er meint å vera ei oppfølging av dåpen, altså ein del av trusopplæringa. Gjennom dei kristne barnesongane kan ein formidla tru. Foreldra si stemme er det finaste babyen kan høyra. Derfor er det så flott når foreldra syng for barna sine. Gjennom song oppnår ein kontakt og foreldra kan formidla tekst og melodi til babyen.

I oppstarten var Helga og småborna med følge på Hamre skule med Babysong-aktivitetane. Vinteren har vore lang og kald, og Hamre kyrkje har strevd hardt med å koma opp i ein inne-temperatur som er høveleg for slike som rullar seg på teppet. Men no har dei flytta inn i kyrkja. Bak privatsjåførane sine set hovudrolleinnhavarane majestetiske i barneseta og kjem til kyrkje annankvar onsdag klokka 11.00 Det skulle ikkje forundra meg om flokken aukar opp etter som tilbodet vert betre kjent.



Medan velsigninga vert framført på CD, fyller såpebobler lufta over dei små.

KONSERT I HAUS KYRKJE 30. MAI

I samband med at Johannes Melve skal avslutta perioden sin som sokneprest her hjå oss, har Haus sokneråd fått i stand ein konsert for å markere dette. Deltakarar på konserten er Gunstein Draugedalen med sin faste akkompagnatør, og Osterøy kyrkjekor.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Dei to telemarkingane som kjem på konsertbesøk har samarbeidd over ein treårsperiode med å gje konsertar over store delar av landet. I fjor spela dei inn ein CD med songar av Trygve Bjerkrheim som dei kalla "Ver ikkje redd". Konserten i Haus kjem til å innehalde stoff frå denne innspelinga. Dei to lovar at det vert ein konsert med stor spennvidde både i form og i innhald.

Gunstein Draugedalen debuterte som songar i 1971, i Universitetets aula med Robert Levin ved flygelet. Sidan har det blitt konsertturnear for Rikskonsertane og mange solistoppdrag. Draugedalen har vore solist med Valenkoret, Adventsongarane, Sandefjord jentekor, Minikoret og Grimstad Kammerkor. Han har også eit langt samarbeide med organist Mons Levin Takle bak seg. Songsolisten gjorde sitt første plateopptak så tidleg som i 1964. Sidan har det blitt 40 innspelningar, og platene hans er selde i meir enn 250 000 eksemplar.


Draugedalen har også markert seg som komponist, og har tonesett dikt av mellom anna Haldis Reigstad, Trygve Bjerkrheim og Knut Hamsun. På konserten vil Osterøy kyrkjekor dirigert av Liv Skoglund medverka på nokre av desse melodiane.

Tonefølge får Draugedalen av pianisten Trond Akerø-Kleven, ein ettertrakta akkompagnatør som meistrar dei fleste sjangrarar frå opera til jazz og pop.

**Konserten i Haus kyrkje
tek til klokka 18.00.**



Gunstein Draugedalen. I "Kyrkjehelsing" nr. 1 kom vi til å trykkja feil bilete som ikkje var av songaren.



Pianist Trond Akerø-Kleven.

ELSK DIN NESTE, DU KRISTEN SJEL

I år er det hundre år sidan Bjørnstjerne Bjørnson døydde. Samstundes er det 150 år sidan han skreiv diktet "Elsk din neste, du kristen sjel." På nokre få linjer fekk den unge diktaren dradd opp store perspektiv.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Bjørnstjerne Bjørnson, forfattaren som meir enn nokon annan personifiserte det nasjonale i den nye unge nasjonen vår, døydde ikkje i det landet som han skreiv så vakkert om. Han sovna inn på ei utanlandsreise i Paris 28. april 1910. Hundreårsjubileumet har markeringar mange stader i landet. Så sjølv om Bjørnson på mange måtar ikkje lenger framstår i den same aura som han gjorde i si samtid, er han ingen gløymd mann. Til det var virket hans for viktig, og det som står att etter han for omfattande.

Skalden, diktaren og folketalaren blei ført heim frå Frankrike først med tog til København og siste delen til Oslo om bord på panserskipet "Norge". 3. mai vart han gravlagd på Vår Frelzers Gravlund.

Bjørnson vil for alltid bli hugsa for nasjonalsongen han forfatta. "Ja, vi elsker" blei på same vis som "Elsk din neste" til tidleg i forfattarkarriæren hans. Han skreiv skodespel også. Først slike med historisk bakgrunn, og seinare drama som omhandla spørsmål i samtida. Som talar var han uredd og populær. Med stort engasjement gjekk han inn i saker i si eiga tid. For skrivinga si vart han i 1903 heidra med Nobelprisen i litteratur.

Noko av det første han fekk publisert, var ein serie med bondeforteljingar. Og det er i ei av desse forteljingane, "En glad gutt" frå 1860, at vi finn diktet "Elsk din neste, du kristen sjel."

*Elsk din neste, du kristen sjel.
Tred ham ikke med jernskodd hel,
ligger han enn i støvet!
Alt som lever er underlagt
kjærlighetens gjenskaper – makt,
bliver den bare prøvet.*



Bjørnstjerne Bjørnson vart fødd i 1832. Slik såg han ut i sine unge år.

Også når diktet vert teke ut av den samanhangen det opphavelig hørde til i har det kraft og talar tydeleg og direkte til oss. Bjørnson sine dikt er ofte lange, med mange vers og detaljerte utgreiningar. Men her går han rett på sak. På seks linjer får han sagt det han vil.

Seinare i livet tok Bjørnson også eit oppgjær med si eiga tru. Men diktet lever vidare, og med tone av Sparre Olsen er det ein del av vår kulturelle arv.

RUSSELØFT FOR THAILAND



Kristenrussen hadde aksjonsdag 10. april, målet var å samla inn pengar til to Thailand – prosjekt. Originale innsamlingsmetodar skorta det ikkje på, og russ frå Osterøy var med då Bergen sentrum vart aksjonsområde denne dagen.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Synne Askeland Mjelstad var ei av desse aksjonistane. Ho går på Danielsen videregående skole, og tok utfordringa med å samla inn pengar til eit skuleinternat knytta opp mot ein vidaregåande skule på landsbygda i Thailand. Nokre av midlane skal også gå til omsetjing av ei bok med kristent oppbyggjleg innhald til thai.

- Kva var ditt bidrag til aksjonen?

På aksjonsdagen stilte eg og veninna mi Hanne Marthe Hjellum opp på festplassen med ansiktsmaling, for å mala born. Dette var svært populært, og berre ein av fleire aktivitetar kristenrussen arrangerte for å samle inn pengar. Me hadde også kakesalg, svampkast og triksekonkurranse. Dette skapte merksemd, og mange kom bort for å finne ut kva det var me heldt på med.

Seinare same dag hadde me eit misjonsløp rundt Lille Lungegårdsvannet der me på førehand hadde skaffa oss sponsorar som støtta prosjektet med ei pengegåve per runde me tok rundt vatnet. For å skape ekstra merksemd utførte eg og Helen Mjelstad dette løpet med trillebår, iført Felleskjøpet-kler. Dette var berre for moro skuld, og gav oss absolutt den merksemda me var ute etter. Me trilla kvarandre ein halv runde kvar, og klara til saman fire rundar på ein halv time.

- Var det mange med frå skulen din?

Frå skulen min var me fem elevar som var engasjerte på sjølve dagen, men me hadde fleire andre i ryggen som støtta oss som sponsorar til misjonsløpet.

- Hadde du med andre frå Osterøy?

Nei. Helen stammar rett nok frå Osterøy, men ostring er ho ikkje.

- Deltaking frå andre skular?

Me har Kristenruss på ganske mange skular i Hordaland, og av dei som stilte på denne dagen var Tertnes vgs, Danielsen, Akademiet og Framnes vgs representerte.

- Kor mykje samla du inn?

Sjolv har eg rekna ut at eg til saman frå alle sponsorane mine har tent inn 5622,- på løpet. Helen sine sponsorar har ikkje eg oversikt over, men reknar med at beløpet stig når desse og betaler inn. Det er sjølvsagt avgjerande at dei gjer dette innan fristen sidan me skal ha ei oppteljing av innsamla pengar frå heile Hordaland den 20.april. Det fylket som har samla inn mest pengar får heder og ære ved kristenrussen sitt treff i Kragerø 23.-25.april.

- Vert du med i trekninga av premien som var sett opp for dei som samlar inn mest?

Eg veit ikkje enda om eg er med i trekninga, sidan oppteljings-dagen er 20.april, men eg håpar jo sjølvsagt på dette. I så fall er det eg og Helen som vert med i trekninga saman, sidan me stilte saman til løp.

- Korleis reagerte folk i byen på aksjonen dykkar?

Me kom i kontakt med fleire vaksne og ungdommar som sjolv har vore kristenruss, som var svært positive, og ville gjerne høyre korleis det gjekk med oss. Også andre som



*Trillebårekøring i sentrale strøk. Synne er passasjer.
Foto: privat*

kanskje vart litt skeptiske då me sa at me var kristenruss gav positiv respons når me forklarte nærmare kva me samla inn pengar til, og kunne fortelje litt kva aksjonen gjekk ut på.

Sjølvsagt fekk me også oppleve enkelte ubehagelege situasjonar i møte med folk som ikkje var like positive til misjonering, men slikt rekna me med ville koma, og det gjekk eigentleg ganske bra det også.

- Kvifor er du med på dette?

Eg vart med i Kristenrussen fordi eg var, og er, ute etter å gjere noko meningsfullt ut av russetida, og kome i kontakt med andre kristne russ i Hordaland og Noreg elles. Misjonsprosjektet engasjerer meg fordi eg får høyre og sjå kva pengane me har samla inn går til, og det er kjekt å kunne bruke denne tida på å hjelpe andre

Tilslutt vil eg ønska deg lukke til vidare. Men eit siste spørsmål, eit slikt du gjerne har fått frå slike som kallar seg ansvarlege vaksne: Har du tid til dette no når du skal konsentrere deg om eksamen?

Hehe. Tid har ein alltid, ein må jo berre velje kva ein vil bruke tida si på. Eg har hatt det svært kjekt med kristenrussen, fått nye vener og minner for livet. Så svaret er så absolutt JA! Eksamen er først etter russetida, så eg må konsentrere meg om det no, men slik er det jo. Kristenrussen er mest aktive med arrangement før russetida, medan me i russetida skal vera «sammen tilstede» blant våre vener og medruss. Russetida gler eg meg skikkeleg til og det skal nok bli tid til litt eksamenlesing også.




*Sal av mat på Festplassen.
Foto: Privat*

Da Jesus kom kjørende i en Ford pick-up

Sommeren 1956 dro jeg til sjøss for aller første gang, ombord i Westfal-Larsen's linjeskip M/S «Sandanger». Den «stolte» tittelen var messegutt og arbeidsplassen var mannskapsmessen. Det var en liten «verdensmester» som kom ombord, full av urealistiske ideer om hva framtiden ville bringe. Men det varte ikke lenge før han måtte innse at tingene ikke helt svarte til forventningene. Arbeidstiden gikk fra kl. 0600 om morgenen, og varte som oftest til kl. 2000 om kvelden. Kjeft var det rikelig av, så litt etter litt begynte purunge Selvik å henge mer og mer med nebbet. Han begynte å innse at sjømannsyrket var svært oppskrytt. Fleire ting var med på å underbygge dette synspunktet. Hjemme hadde han lært at det å sløse med mat var synd, mens her ble det kastet nok mat etter hvert måltid til å brødfø 30-40 mennesker hver dag. Jeg prøvde å angripe problemene på to måter: Først ved å begrense det

som måtte kastes ved selv å spise mest mulig. Men en formiddag, nede i sør-Atlanteren, i stiv kuling fra nordvest, etter å ha satt til livs 18 hardkokte egg, meldte min stakkars mage pass. For ettertiden fant jeg ut at den direkte veien fra matrestebøtten og ut i Atlanteren var bedre enn å bruke magen min som transitt-stasjon. Den neste måten var at jeg, når unge «drittsekker» av noen dekksgutter, jungmenn, maskingutter eller smørere kom for sent til måltidene og forlangte at jeg skulle springe i byssa og hente varme egg eller annen varm mat, sa fra at de hadde 4 valg: 1. Komme presis til måltidet, 2. Hente varm mat selv, 3. Spise maten som den var eller 4. Dra til!! Dette medførte at jeg måtte noen turer på 5-luken og gjøre opp med diverse stakkarer som følte seg trukket på. Heldigvis kom de 7 årene på Fridalen skole meg til nytte, for der lærte vi tidlig å kunne sloss. Med 8-900 gutter på skoleplassen var det aldri mindre



Kanskje var det ein slik som tok Einar Johnny med: Ford pick-up 1948 - modell.

enn 8-10 slagsmål i hvert eneste friminutt, så egentlig var livet ombord rene «søndagsskolen» i forhold. Uansett, litt etter litt fant jeg min plass i hierarkiet, båten kom inn i Karibien, sjøen ble smul og magen falt til ro. Med andre ord: Framtidsutsiktene var ikke så mørke likevel.

Tiden gikk og vi passerte Panama-kanalen, som var en stor opplevelse for en førstereis-gutt. Fra Panama-kanalen dreide vi nordover, og etter 3-4 havneanløp oppover Stillehavskysten av USA. ankom vi omsider Vancouver-området i Canada. Her lastet vi, først i selve byen, men senere på små plasser et par timers gange fra selve Vancouver. Det var på en av disse småplassene det hendte som gav denne historien navn. Selve stedet vi lå på tror jeg het Astoria og var et digert sagbruk og trelastlager, et av verdens største ble det fortalt. En av sjauerne sa at ca 15 km inne i landet lå en liten by på en 12-15 tusen innbyggere. Jeg tror at den het New Westminster eller noe lignende, og den hadde en ganske moderne kino. Dermed våknet eventyrlysten og før jeg hadde fått tenkt meg om, befant jeg meg på kino. Turen opp hadde jeg fått haike med en av arbeiderne, men turen tilbake hadde jeg overhode ikke tenkt på.

Først da kinoen var slutt og jeg sto i bekmørket utenfor, kom eg i tanker om veien tilbake. Mine «fellow norwegians» som også hadde besøkt kinoen var plutselig borte vekk. Så dermed var det å bite i det sure eplet å begynne og gå. Først gikk det greit. Byen hadde tålig bra vei-belysning de første par kilometrene, så jeg så måtelig optimistisk på mulighetene for haik tilbake. Men ikke en bil dukket opp. Plutselig sto jeg der og så rett inn i en totalt svart urskog med alle slags lyder, og jeg visste at det vrimlet av alle slags ville dyr, som grizzly-bjørner, svart-bjørner, gauper, pumaer og kjempesvære elger som kanadierne kalte for moose. Svart-bjørnene var så tallrike at de gikk helt inn i hagene til folk på leting etter mat, og på vei inn til Vancouver så vi ikke mindre enn 8-10 stykker på en dag. Det ble regnet for farlig å ferdes til fots utendørs utenom tettbygd strøk etter mørkets frembrudd. Der sto jeg. Det var overskyet og nymåne, så mørket var så totalt at jeg så ikke mine egne skotupper. Jeg regnet sjansene for å nå båten i live som lik null, men

fant ut at det var ingen vei utenom å begynne og gå. Først prøvde jeg å gå midt i veien, akkurat som om jeg var tryggere da. Men uansett så havnet jeg i veikanten, og holdt flere ganger på å gå på trynet ut i bushen. Jeg fant tilslutt en metode å bevege meg på som fungerte så noenlunde. Jeg oppdaget at jeg kunne gå med venstrefoten på asfalten og den høyre på grusen. Heldigvis hadde kanadierne breiere veiskuldre enn vi har i Norge.

Vandrende tett inntil den truende urskogen med alle de skremmende lydende, ble redselen sterkere og sterkere i kroppen til en stakkars 16-årig dum norsk gutt. For å pigge opp motet begynte jeg å synge den kjente salmen som jeg hadde lært på søndagsskolen: «Ingen er så trygg i fare, som Gud's lille barneskare». Det hjalp en liten stund, men litt etter litt snek den lammende redselen inn i meg igjen. Da var det at jeg fant ut at eneste muligheten for meg å overleve på, var å be Jesus om hjelp. Jeg tigget og ba og lovde ham gull og grønne skoger, bare han fikk meg uskadd tilbake til båten. Synd og spetakkel skulle det bli helt slutt på. Min vandring videre i livet skulle kun foregå på den smale vei.

Plutselig hører jeg lyden av en bil som nærmer seg og så dukker lysene opp og jeg er raskt ute med tommelen. Så skjedde det under at bilen faktisk stanset og tok meg med. Det var en av arbeiderne som skulle jobbe natt-skift, så jeg fikk skyss helt til landgangen.

Idag 54 år senere må jeg med beklagelse innrømme at alle de fagre løftene jeg ga Jesus fort gikk i glemmeboken etter at jeg var tilbake i tryggheten. Slik er det med oss mennesker: Jesus søker vi kun hjelp hos når nøden er så overhengende at intet annet nytter. For det meste er vi omgitt av tilsynelatende trygghet. Vi glemmer eller overser farene som lurar rundt oss.

Når jeg som pensjonist tenker tilbake på episoden, innbiller jeg meg på en måte at det var Jesus selv som kom kjørende i den gamle pick-upen. Om ikke det, så var det i hvertfall en han hadde sent ut for å hjelpe meg!!

- Einar J. Selvik



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MAI

4. s. e. påske, 2. mai 2010: *Jes 1,18-20 1 Joh 4,10-16; Joh 15,10-17

Bruvik kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste.
Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

5. s. e. påske, 9. mai 2010: Matt 6,6-13 Dan 6,4-12; Rom 8,24-28

Haus kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Kristi himmelfartsdag, 13. mai 2010: Apg 1,1-11 Sal 110,1-4; Ef 1,17-23

Gjerstad kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Norsk misjon i øst.

17. mai (Grunnlovsdag), 17. mai 2010: Joh 12,35-36 5 Mos 30,19-20a; Fil 3,12-16

Hamre kl. 10: Festgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Haus kl. 10: Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet: Haus søndagsskule
og Y-klubben Votlo.

Bruvik kl. 11: Festgudsteneste. Odd Sverre Hove.
Takkoffer til Redd Barna.

Gjerstad kl. 12: Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 12: Festgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen.

Pinsedag, 23. mai 2010: Joh 14,15-21 Joel 3,1-2; Ef 2,17-22

Haus kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.

Sørheim. Takkoffer til Bergen
søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi ute.

Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Melve. Takkoffer til Normisjon.

Andre pinsedag, 24. mai 2010: *1 Kor 12,12-20 Esek 11,19-20; Joh 6,44-47

Hamre kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.
Melve. Takkoffer til Misjonsalliansen.

Treeiningssundag, 30. mai 2010: Matt 28,16-20 Jes 6,1-8; Tit 3,4-7

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd.
Sørheim.

JUNI

2. s. e. pinse, 6. juni 2010: Luk 12,13-21 Fork 12,1-7; 1 Tim 6,6-12

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Raknestunet kl. 11: Familiegudsteneste.
Sumaravslutning for søndagsskulane.

3. s. e. pinse, 13. juni 2010: Luk 19,1-10 5 Mos 7,6-8; 1 Kor 1,26-31

Hosanger kl. 12: Høgmesse. Nattverd. Me får
vitjing av Ostereidet kyrkjelyd, som kjem
med gamle "Oster". Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 17: Høgmesse. Nattverd. Melve.
Utdeling av bok til 6-åringane.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Kyrkjekaffi.

4. s. e. pinse, 20. juni 2010: Luk 15,11-32 Jes 65,1-2; 1 Pet 5,5b-11

Haus kl. 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Melve m.fl.
Avskil med sokneprest Melve.
Takkoffer til Menighetsfakultetet.
Avskilssamling i Kyrkjelydshuset etterpå.

5. s. e. pinse, 27. juni 2010: Joh 8,2-11 Sak 7,8-12a; Rom 2,1-4

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

JULI

6.s. e. pinse (Aposteldagen), 4.juli 2010: Jer 1,4-10

1.Pet 2,4-10; Matt 16,13-20

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

7. s. e. pinse, 11. juli 2010: Matt 16,24-27 Jos 24,19-24;

1 Pet 1,15-21

Gjerstad kl. 11: Høsgmesse. Nattverd.

Monsen. Takkoffer til KRIK

(Kristen idrettskontakt).

8. s. e. pinse, 18. juli 2010: *Jes 49,13-16 2 Tess 3,6-12;

Matt 10,28-31

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

Takkoffer til Sjømannskyrkja.

9. s. e. pinse, 25. juli 2010: Matt 7,21-29 Jer 23,16-24;

1 Joh 4,1-6

Hosanger kl. 11: Høsgmesse. Nattverd.

Sørheim.

Olavsdagen (Olsøk), 29. juli 2010: Matt 20,25-28 Esek

18,29-32; Ef 4,17-21

Gjerstad kl. 19: Gudsteneste. Sørheim. Kyrkjekaffi
på museet etter gudstenesta.

MELLOM HIMMEL OG JORD

Konsert i Hosanger kyrkje 1. juni

Bergen Nord kammerkor
Marianne Juvik Sæbø, song
Tove Kragset, piano
Bjørn Berentsen, dirigent



Marianne Juvik Sæbø

VÅREN ER DUGNADSTID

Ved fleire av kyrkjene våre vert det gjort
dugnadsarbeid i desse dagar. Her frå Hamre,
i pøsande regn ein fredagskveld.

Både store og små var med.



Slekters gang

HOSANGER

Døypte:

04.10.09 Peter Helle (Busett Haus sokn)

04.10.09 Johannes Myking

28.02.10 Markus Turcas-Kleiveland
(Sjømannskyrkja i Paris)

18.04.10 Loke Solberg Loftås

Vigde:

24.04.10 Nina Beate Karlsen
og Jørn Ahmer

Gravlagde:

05.03.10 Astrid Johanna Borge (f.1928)

16.03.10 Harald Bernes (f.1938)

25.03.10 Ingolf Klakegg (f.1940)

25.03.10 Joseph Fradun Andrews (f.1935)

HAMRE

Døypte:

14.03.10 Lucas Melchersen

14.03.10 Isak Leander Kallekleiv

14.03.10 Sigrid Margrethe Skjerpung

14.03.10 Emil Fotland-Magnussen

03.04.10 Linnea Sandal Vevle

Vigde:

20.03.10 Ingvild Bøe
og Vegard Nøttveit

Gravlagde:

26.03.10 Kirsten Mjelstad (f.1952)

16.04.10 Aud Adelheid Skår (f.1918)

GJERSTAD

Døypte:

21.03.10 Emilie Lillefosse Eriksen

25.04.10 Linnea Myking Lone

Gravlagde:

22.04.10 John Kallekleiv (f.1919)

HAUS

Døypte:

14.03.10 Mathilde Krossøy
(Sandnes kyrkje, Masfjorden)

21.03. Ida Straume-Kvåle

11.04. Linnea Bernes Setre

Gravlagde:

02.03.10 Knut J. Mjelde (f.1924) (Mjeldalen)

12.03.10 Jan Mostrøm (f.1950)

Avskilsgudsteneste i Haus kyrkje for
sokneprest Johannes Melve
søndag 20. juni kl. 11.00.

Tidlegare prost Helge Hitland vert med.
Kyrkjekoret og Haus musikklag deltek.
Offer til Menighetsfakultetet.
Open kyrkjekaffi/avskilssamvær i Haus
kyrkjelydshus etter gudstenesta.

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 **BLINK HUS**

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

 **SparebankenVest**
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

Fjord Slottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjvev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

KONFIRMANTAR I GJERSTAD



Frå venstre:

Første rekke: Vanja Vedå, Silje A. Hartveit, Frida R. Jacobsen, Camilla Engstrøm, Rolf Eivind Vinjevoll Monsen, Hanne Mjelstad, Tina Hannisdal, Hilde Soltvedt

Andre rekke: Alexandra Nordås, Ragnhild Dyvik, Tonje Yddal, Susanne Teigland, Margit Sofie Vevle, Aleksander Solberg, Andrea Hartveit, Ingrid Tvedt, Tonje Rognved

Tredje rekke: Even Rognved, Jonas S. Gjøstein, Hans Petter Hansen Vevletveit, Morten Vevle, Rune H. Ingebrigtsen, Anders Hatland, Toivo Raknes, Tom Erik Solberg, Anders K. Myking, Jon Inge Teigland, Torbjørn Hannisdal

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

SEIN VÅR UNDER OSKESKYA!

Småfuglane sine songar har vi høyrte lenge, men den gode vårsola har ennå ikkje fått skikkeleg tak. Det ser ut til å bli ein sein vår i skrivande stund, men slikt kan heldigvis endra seg fort. Dei islandske oskeskyene driv dit dei vil, og det er fasienerande korleis uventa naturfenomen kan slå teknologien vår ut. Men sevja stig i trea også i gråver, umerkeleg vert bø og bjørk grøn – også i år.

Dei som vil ha noko med i neste nummer, må senda til underteikna
innan **10.06.2010**

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com